



Nettverksposten
eit magasin som skal inspirere kvinner - og kanskje menn

Nr 1. februar 2006

Professor & doktor • Kvinnejakt & skrytliste
Kven er du? - kort innføring i Personal Branding

Nettverks- posten

- nettverksmagasin for Sogn og Fjordane
- skal inspirere kvinner til
 - etablering
 - engasjement og
 - deltaking i samfunnet

Redaktør & layout:

Oddrun Midtbø

Kvamsviki, 6856 SOGNDAL

Mob.nr: 95 86 17 76

e-post: oddrun.midtbo@

sognet.no

Frist for neste utgåve:

15.mars 2006

Opplag: 2.500

16. årgang

Redaksjonen avslutta:

8.februar

Trykk: Husabø Prenteverk,

Leikanger

**Redaksjonsråd & finans-
ørar:**

Oddveig Birkeland,

tlf.nr: 57 72 32 00

(Fylkesmannen

- Landbruksavdelinga)

Oddveig Hove,

tlf.nr: 57 65 62 43

(Sogn og Fjordane Fylkes-

kommune - Plan- og utviklings-

seksjonen)

Hjørdis Vik,

tlf.nr: 57 82 57 57

hjordis.vik@invanor.no

(Innovasjon Norge)

Framsida: Sjølvportrett

av Oda Veronika

Hodlekve, Sogndal.

Møt fotografen på side 6.

Er nederlendarar og fotballspelarar meir verdt enn iranarar og ungar?

I denne utgåva får du møte ein fersk professor, ein ung og modig fotograf, ein tidlegare stortingsrepresentant som ikkje har tenkt å gli inn i dei anonyme sine rekkjer og ikkje minst, iherdige etablerarar som står på for å bygge opp verksemdene sine.

Du får også bryne deg på nokre spørsmål som garantert er vanskelegare å svare på enn du trur ved første augnekast; Kva er du suveren på? Du kan finne deg eit blankt ark og drodle litt på eiga hand eller du kan slå opp på side 9 for lese kva meininga med slike avslørande spørsmål er.

Resten av leiaren vil eg bruke på ei kvinne eg har hatt på notatblokka mi ei tid, men som eg ikkje nådde. Kanskje vil eg aldri kunne lage eit intervju med ho. Ho er ikkje ønska i det norske samfunnet, og akkurat no sit ho sønderknust i kyrkjeasyl i Sogndal eller er innlagt på psykiatrisk avdeling. Eg noterte meg namnet hennar Mojgan Hatefmoktari, først etter tips frå folk. Då eg såg det strålende smilet i lokalavisa der ho fortalde at ho hadde fått seg jobb på frisørsalong og prøvde etter beste evne å skape ein ny heim saman med ektemannen og to søner, vart ideen forsterka. Her var ei kvinne, ein familie, som kunne bryte med det stemplet mange flyktningar har fått; at dei berre er ute etter dei gode trygdeordningane i Norge. Her var ein familie som tydeleg synte vilje til å bli ein del av lokalsamfunnet.

Lite visste eg at det var mora til dei to gutane eg hadde sparka fotball med i storhallen, medan eg venta på at mine eigne skulle bli ferdig med treninga. Mine tankar den gongen var at desse to kan nå langt på fotballbana, dersom dei held fram med same entusiasme.

Før eg får somla meg til å gjere noko intervjuavtale med Mojgan, blir familien landskjende - ei kort stund. Dei skal kastast ut av Noreg. Me har ikkje plass til dei; eller meir korrekt - me har ikkje bruk for dei.

Det er då eg gjer meg nokre tankar; her er ein familie som syner vilje til å integrere seg; mora har fått seg fast arbeid på frisørsalong som venleikspleiar. Ho kan mellom anna fjerne den uønska barten til kvinner berre ved hjelp av ein sytråd. Med andre ord; ho disponerer ettertrakta og sjelden kompetanse. Det veit alle kvinner som har svidd overleppa si på sterke kjemikalske kremar...

Faren hadde fått seg fast arbeid ved trevareverksemd, men kvesta venstrehanda alvorleg i ei arbeidsulukke i november. Det blir han behandla for, men likevel skal han skyssast ut av landet. Arbeidsufør og midt under forsikringssak skal han sendast "heim" til Iran der han fryktar for livet sitt.

Viktigaste av alt er likevel ungane; fire år er lang tid for ungar på 8 og 11 år. - Dei snakkar sogning på linje med ungane mine, seier ei mor som kjenner dei godt.

Me har sett det før, familiar blir skyssa ut av landet. Men me har også sett - og ser - den norske staten brukar millionvis av kroner for å lokke nederlendarar til å busette seg rundt om i Sogn og Fjordane og andre fylke med god plass, lite folk og opne lokalsamfunn.

Mange kjem, dei fleste reiser heim att. Suksessfaktoren er kor mange som blir verande over fleire år, vonaleg for alltid. Det absurde i kontrastane mellom desse døma kan sikkert forklarast med EØS-reglar etc. men det blir for defensivt å berre godta regelverk som ei forklaring. Kva med menneskeleg omsyn, rett og slett hjarterom?

Ein annan tanke eg har leika meg med, er om dei to fotballtalenta verkeleg held oppe entusiasmen og interessa og gjer det godt på bana i eit eller anna land. Om nokre år reiser Sogndal Fotball sin oppkjøpar, Trond Fylling eller hans etterkommar, og kjøper dei. Då har me plass til dei. Som ungar har dei ingenting å stille opp med. Difor gjer det veldig godt å sjå det store engasjementet og dei mange som stilte opp då det vart kalla inn til møte for å skipe ei støttegruppe for familien. Arbeidskollegaer av foreldra, skulekameratar og ukjende fylte lokala. Det syner at folk framleis bryr seg. Det lovar godt for oss alle.

Me får håpe at Mojgan ein dag kan vere ein synleg del av det norske samfunnet.

Oddrun Midtbø

- redaktør-



Næringsbarometeret 2006

To gonger i året kjem "Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane og Hordaland" ut. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane, NHO, Innovasjon Norge, aetat og Sparebanken Vest.

Publikasjonen gir status og framtidsutsikter for viktige næringer på Vestlandet. Her er nokre av punkta:

- 6000 fleire sysselsette i 2006
- Nedgang i arbeidsløysa blant menn
 - auke blant kvinner
- Rekordhøg eksport frå regionen
- Gode tider for industrien
- Fleire samdrifter innafør landbruk
- Sterk vekst i handelen
- Design som konkurransefaktor
- Eksport er felles stikkord; kvar femte norske eksportkrone kjem frå desse to fylka

Gjengen bak tiltaket ønskjer innspel på www.spv.no, under Bedrift, Næringsbarometeret. Der kan du også laste ned bladet.

"Kvinnene skal løfte Japan"

Det skriv Dagens Næringsliv 16. januar 2006. Over to sider presenterer dei Kumi Sato som eig det mest leiande PR-selskapet i Japan, Cosmo PR, og som blir rekna for å vere blant dei mest suksessrike kvinnene i Asia. Ho profilerer mellom anna norsk sjømat for den japanske marknaden. I 1999 starta ho internetselskapet womeninjapan.com, som vart ein suksess over natta.

- Målet med det selskapet var å syne karrierkvinner at dei kan lukkast med å kombinere familie og jobb, om dei ønskjer, seier ho som tre år seinare selde selskapet med god fortjeneste.
- Det tok japanske kvinner 30 år å få p-piller (godkjent av helsestyresmaktene i 1999), medan Viagra..fem månader! Kan du tru det? Fem månader tok det byråkratane..la meg leggje til, dei mannlege byråkratane, å godkjenne potenspreparatet, ler den 46-år gamle kvinna som sjølv har kome seg opp og fram - "trass" i at ho er gift (med ein amerikansk visepresident i forsikringsselskap) og har tre søner i tenåra.

Merkevara Vestlandet

Etter fleire år med forarbeid er det unike prosjektet med arbeidstittel Alliansen Vest no i gang. Eit ekspertpanel sett saman av 15 aktørar frå forskarmiljø, næringsliv og det offentleg skal dei neste to åra arbeide med å utvikle strategien for Merkevara Vestlandet. Ideen er at vekst og verdiskaping skal stimulerast gjennom alliansedanning mellom

aktørar frå ulike næringer. Vestlandsk mat, fisk, tekstilar, design, kunsthandverk, porselen, møbel og turistopplevingar skal vidareutviklast ved at dei blir kombinert på nye måtar. Søk på Alliansen vest - og du får meir info.

Sitatet

"Det er ingen motsetnad mellom det å barbere leggane, og å vere for lik løn for likt arbeid".
(Signy Fardal, sjefredaktør i *Elle* og *porty danseløve*.)

"Tankar møtest"

Nokre har lurt på korleis dei skal få tak i boka som Skrivarlaget ga ut like før jul og som Nettverksposten skreiv om i førre utgåve. Lageret ligg hjå:
Elsa Norunn Håheim Nydal
6843 Skei
Tlf.nr: 57 72 84 51



Varslingslista er eit sjølvhjelpsverktøy for norske verksemdar, slik at dei lettare kan gå klar av upresis marknadsføring og andre uryddige salsframstøyt som lett blir misoppfatta. Lista skal gjere det lettare å dele sine erfaringar med slike opplevingar.
www.varslingslisten.no

Nyttige nettsider:

Skal du starte og drive bedrift, kan denne nettsida vere fornuftig. Det er eit samarbeid mellom Arbeidstilsynet, Brønnøysundregistrene, trygdeetaten, skatteetaten og Statistisk sentralbyrå. Dei hevdar dei er først på nettet med nye næringsreglar og kan svare på alt frå:

- Kva slags selskapsform skal eg velje?
- Korleis registrerer eg næringsverksemda?
- Kva skjema skal offentlege styresmakter ha?
- til
- Kva krav blir stilt til namnet?

Sjekk: www.spor-oss.no



Mil etter mil med saft & sylte

- Bondens Marknad i Bergen og Førde er viktige salskanalar for meg, seier Anne Lise Haukadal som har gjort frukt og bær til næring.

- Å møte kundane ansikt til ansikt er avgjerande for salet. Dei vil vite alt om produkta, opphav og innhald, seier Haukadal som køyrer mange tusen kilometer kvart år for å nå fram til kundane i Bergen og Førde.

Det er ti år sidan ho kjøpte seg presse for å lage eplemost, i dag kan ho tilby rundt 30 ulike produkt laga på råvarer frå lokale fruktbønder. Ho rekk ikkje sjølv å plukke noko, men kjøper inn det ho treng av råvarer. Råvarene frys ho ned og tek dei fram for produksjon like før sal.

- Vi lagar most, saft, limonade, syltetøy og gelé. Alle produkta er

Kunst eller dill?

Wenche Torvanger i Sogndal er no klar. Klar for å møte verda med glaskunst. Ho har teke steget frå hobbyaktivitet til proff satsing.



utan konservering eller andre skumle E- stoff, skriv dei på informative nettsider.

Når N-posten ber Haukadal skildre eit arbeidsår, startar ho med januar og februar som nærast "heilage". - Då tek eg mest mogleg fri, seier ho før ho startar å ramse opp kurs, seminar og årsmøte innafor næringa. I februar skal ho og fleire likesinna på storhushaldning- og emballasjemesse i Lillestrøm. Det er viktig å halde seg oppdatert og velje innpakning som sel. Annakvar helg, frå mars og mot slutten av juli, blir Toyota Hiacen fylt opp med varer og Haukadal set kurs mot Bergen eller Førde. Ho leverer til Kjøttbasaren i Bergen og har etter kvart fått seg ei stor og trufast kundegruppe.

- Frå midten av september til midten av november er det "rimeleg hektisk" og eg har då ein tilsett i periodar. - Målet er ikkje å bli kjemperik, men at verksemda skal gå rundt, at eg skal kunne bestemme over mi eiga tid og at det er kjekt å jobbe med, seier Haukadal som har lete verksemda vakse i eit tempo som gjer at ho har full kontroll.

- Få med at eg brukar lite sukker, understrekar ho med ein latter som røper at dette er ei kvinne med stå-på-vilje, godt humør og tak i.

Sjekk sjølv på: www.haukadal.no

- Skal ein nå fram til folk, må ein berre ta imot det ein kan få av omtale i media, seier ho som no etter kvart våger å kalle seg glaskunstnar.

Gradvis har ho utvikla verksemda si og uttrykket i glasprodukta.

- Eg ser sjølv at ein del av det eg gjorde før kanskje kan kallast dill, men så lenge det gledar den som får produktet i gåve eller som kjøper det, må det vere greit, seier ho. Ho innrømmer at ho har forsøkt å få søstrene sine til å kvitte seg med dei første produkta, men der er affeksjonsverdien blitt for stor.

Den tidlegare aktive fotballkvinna har ei utdanning som innbyr lite til kreativitet; økonomi, men ho har alltid sysla med ulike former for teikning og handarbeid.

- Inspirasjon finn eg i alt det vakre rundt meg; menneske, dyr, natur, lys og linjer, seier ho og legg ikkje skjul på at det er eit til tider, svært spennande arbeid ho har. Glaskunst er naturleg nok skjøre greier og ein kan aldri vere heilt sikker på om ein kjem heilt - i dobbel tyding - i mål. Møtet med kundane er også givande og ho fortel ho gjerne lagar skreddarsydde produkt til spesielle høve. Som den gongen ho dekorerte 250 glas til opninga av verdas lengste tunnel. Det er no ti år sidan ho valde å gjere glaskunsten til noko meir enn berre ein hobby. Huset vart bygd ut til å romme verkstad og butikk. Etter kvart som dei tre borna er blitt større har ho fått lengre arbeidsdagar og reiser no rundt på ulike større messer med glasarbeida. Kunst eller dill? Det er alvorleg satsing som ligg bak og produkta har absolutt ikkje noko hobbypreg over seg.

- Det er viktig stadig å utvikle seg og det siste no er teknikken krakkelering som resulterer i flotte og spennande mønster, seier Torvanger og inviterer folk inn på dei stiligt utforma heimesidene sine der produkta kjem til sin rett. www.glasbui.no
Vurdèr sjølv!

Skryt til synlege damer

"Hun fikk juleflyene på vingene" stod det på framsida til Dagens Næringsliv 24/26. desember 2006. Avisa spanderer eit tre siders stort portrettintervju under tittelen "Flygedyktig fersking" på samferdsleminister Liv Signe Navarsete.

- Målet for denne regjeringa er å få Europas raste infrastruktur, seier ho i intervjuet.

Leiar i Bonde- og småbrukarlaget, **Anne Osland** (oppHAVELEG frå Sørsida i Høyanger), er ikkje redd for å vere synleg i landbrukspolitikken.

No krev ho ein ny politikk.

- Det er viktigare enn nokon gong, og ein må gjere det no på grunn av WTO, seier ho. - Sponheim seier ein må ha større og meir bærekraftige bruk. Men dei store bruka blir ikkje meir bærekraftige. Dei vil bli meir sårbare av ein WTO-avtale. Vi må styrke økonomien i små og mellomstore bruk, seier ho og krev at landbruksminister Terje Riis-Johansen legg om politikken. Osland starta leiarkarriera si i Ungbjørka 4H. Mange leiarar innafor politikk, organisasjons- og næringsliv har starta karrieren sin i ungdomsorganisasjonen 4H. (*Nationen 2.2-2006*)

Forfattar **Olaug Nilssen** er tru mot seg sjølv. I eit stort - og vakkert karikert - portrettintervju i Dagbladet sitt Magasinet under tittelen "Nilssens metode" siglar ho rett inn og gjer seg ikkje til.

Trass i at ho har fått mengder av prisar, gode kritikkar og utfordringar som ho har takla svært godt, let ho seg ikkje rive med slik at ho misser grepet.

Ho takka nei til å vere gjest i "Først og sist" med Skavlan. - Eg hadde ikkje tid. Og eg hadde ikkje lyst, svarer ho og legg til at det verkar, på folk sine reaksjonar, som om ho har sagt nei til kongen eller Gud..

- Gullrekke og gullrekke, jeg kjenner nesten ingen som synes det er kjekt å se på "Først og sist". Det er et overflatisk program som bekrefter en rekke stereotyper, men later som om det er innovativt, friskt og dypt. Og når det er snakk om nynorsk i slike sammenhenger, kommer alltid spørsmålet om hvorfor nynorskfolk er så sure.

- Og hva svarer nynorskfolket?

- Vi er ikkje sure, vi er blide og sjølironiske! Men eg for min del er jo sur, så den promoteringa hadde ikkje vore så mykje verd, sier hun på plettfritt nynorsk. Skriv Magasinet og får denne lesaren til å tenkje at det er godt det finst menneske med bein i nasa og sterk nok ryggrad til å kjenne etter kva ho verkeleg vil vere med på - og ta avgjersle som stemmer med magekjensla - eller hjarta.

Stao pao, alle saman og til andre som er litt i tvil om dei skal våge seg ut i rampelyset; er du trygg på deg sjølv, taklar du det meste!

Modig fotograf



Mykje gale kan seiast om internett, men det er også til stor nytte for mange. Der kan ein treffe folk med same interesse, der har ikkje bustadadressa noko å seie - korkje økonomisk eller om ein får vere med i gjengen.

Heilt tilfeldig kom Nettverksposten over denne personen på www.foto.no - og let seg imponere. Så imponert at den unge jenta får disponere framsida med eit sjølvportrett som har vekt nysgjerrigheit og sterke kjensler på nettsida. Ho presenterer seg slik i porteføljen:

"Jeg har kjempelyst til å bli fotograf! Er en for det meste blid jente på 18 som har å lage bilder som favoritt hobby. Ellers går jeg nå på 3. året Media & Kommunikasjon på Sogndal vgs. Liker meg godt i Sogndal, men har neste år lyst å flytte til Oslo for å bli fotolærling hos en flink og kul fotograf. Så vet du om en slik, ta kontakt!"

Oda Veronika Hodlekve møter opp på kontoret, litt forundra og spent og med eit smilande ansikt heilt fritt for sår og arr. Ho forklarar heile hendinga slik: - Det var sommar, eg var litt seint ute for å rekke sommarjobben og kasta meg på sykkelen ned ein grusveg...utan hjelm... Det var dumt og vondt, men det vart eit tøft bilete av det! Og eg har fått mange reaksjonar, smiler ho og let gjerne Nettverksposten trykke det på framsida.

- Eg trudde eg ville bli skrivande journalist, men då eg fekk prøve meg på fotografering, var eg ikkje i tvil. Det er fotograf eg vil bli, men eg trur kanskje ikkje det hektiske avismiljøet er staden for meg. Eg likar ikkje stresset for å rekke fristar, men vil heller jobbe med modellar, kanskje reklamefotograf, seier ho litt

nølande. Førebilete har ho i Agnete Brun i Dagbladet og nokre utanlandske fotografar innafor reklamebransjen. Som 18-åring står ho framføre viktige val i vår; kor skal ho gå vidare i livet; folkehøgskule eller kanskje fotoskule i Trondheim?

Litt surfing på foto.no syner at Oda er blant dei aktive; ho legg ut bilete ho har teke til vurdering og ho vurderer andre medlemmane sine blinkskot.

- Eg får eit kick og lærer mykje av kommentarane, og eg ser at eg blir betre over tid. Nokre av dei første bilda mine har eg sletta, seier ho som kallar seg bokmålsk sogndøl. Dei første barndomsåra i Oslo har festa seg i språket.

Ho er glad for oppmuntringa ho fekk i form av ungdomsstipend frå kommunen og at ho kom heilt til Trondheim i Ungdommens KulturMønstring i 2004 med eit nærbilete av målnett.

- Det var til stor oppmuntring og styrka trua på at det er fotografering eg skal satse på, seier ho og har snart eit eige digitalt kamera innafor rekkjevidde; Canon EOS 20D. Nærmare kr. 20.000 som nytt, men halvparten av prisen som fint brukt - på nettet. Internett kan fungere som nyttig verktøy for den som vil finne fram til seriøse nettstader.

Siste nytt: Den unge fotografen har for tredje gong kvalifisert seg t il Ungdommens KulturMønstring. Det skal bli spennande å følgje ferda vidare.

Professoren

- Kvifor er det meir akademisk korrekt å kritisere enn å rose andre, spør den ferske professoren i didaktikk.



I 2001 skreiv Nettverksposten om Hilde Aga Ulvestad og avhandlinga hennar; **“Let Us Learn To Dream, Gentlemen!”**. Ho var då tilsett ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, men disputerte ved Arkitektthøgskolen i Oslo til tittelen dr.ing.

Avhandlinga handla om skapande arbeid og potensiale for læring. Kort fortalt såg ho på ulike tradisjonar for å tileigne seg kunnskap og korleis dei må sjåast som supplement til kvarandre.

Den gongen stilte vi ho spørsmålet om livet er blitt endra etter dr.tittelen.

- Eg merkar skilnad i korleis nokre fagfolk vurderer meg etter tittelen - og sjølv sagt opnar det opp for nye og spennande arbeidsoppdrag, svarte ho den gongen. Det fekk ho rett i.

Når vi no treff ho att i 2006 er det som FoU-leiar ved Kunsthøgskolen i Oslo. No er ho på flyttefot att, denne gongen til Notodden.

3. april tek ho fatt på professorstillinga i formgjeving, kunst og handverk/didaktikk (læra om å lære) ved Høgskulen i Telemark. Der skal ho ha hovudansvaret for didaktikkundervisninga på mastergradsutdanninga og halvparten av stillinga er sett av til forskning.

- Det er egentleg ein kjempejobb eg no har sagt opp på grunn av professoratet, seier ho og held dermed fram tilveret som vekependlar mellom vest og aust. Ho innrømmer det er eit luksusproblem - det å kunne velje mellom desse stillingane. Eg er privilegert som kan fordjupe meg i problemstillingar som eg har oppteke meg i heile mitt yrkesaktive liv.

Professoratet er ikkje knytta til HSF, men ho identifiserer seg med utdanningsinstitusjonen i Sogn og Fjordane. Førebels permisjon gjer at banda ikkje er heilt skorne over.

- Det gjer likevel godt å kome seg ut og få erfaring frå dei store fagmiljø på mitt felt. Det å få andre si vurdering av sitt faglege nivå er ein av dei gode tinga med å søkje jobbar andre stader.

- I kvardagslivet kan eg ikkje seie den nye tittelen påverkar meg stort. Eg var godt vaksen då eg tok hovudfag, eg hadde runda 50 før eg disputerte og eg har jobba med så mange ting i mitt yrkesaktive liv. Familie, vener og kollegaer kjenner meg og veit kva eg er oppteken av. Eg trur nøkkelen ligg der. Å vere oppteken av noko, vere passe klok og passe nysgjerrig - og i tillegg til uthaldande. Men det må du vere, veldig uthaldande, legg ho til.

Men som Desmond Tutu sa etter å ha fått Nobelsprisen: “Eg sa det same før. Skilnaden er at no er det fleire som høyrer etter kva eg seier fagleg.”

Kvalitet og kunnskap gjer ein raus

- Eg har med denne utnemninga fått eit kvalitetsstempel, som gjer at eg blir kjemperaus. Eg kjenner eg blir snill mot omgjevnadane, seier ho og stiller spørsmålet ho ikkje er åleine om: - Kvifor skal det vere meir akademisk korrekt å kritisere andre - heller enn å rose dei fram?

- Gjerne kritikk, men konstruktiv kritikk. Det har eg større tru på. Eit enkelt pedagogisk middel, men effektivt. Ein blir rausare av ros og det er eit godt utgangspunkt for samarbeid på alle plan.

- Som professor Edvard Befring sa under middagen til disputasen til Ingrid Fossøy nyleg: ...ein ekte akademikar brukar ikkje klør, dei treng ikkje! Aga Ulvestad er klar over at ho har inspirert andre.

Som intervjuar gjer det godt å møte kvinner som ikkje er redd for å framheve kva dei er, kan eller har gjort. Fleire kan ta lærdom av det.

Det er ikkje akkurat mange med tunge titlar innafør HSF-miljøet, men fleire er i gang.

Den 27. januar forsvara Ingrid Fossøy doktorgradsavhandlinga si i pedagogikk for dr.polit-graden ved Universitetet i Oslo.

Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er det ei kvinne og ein mann med tittelen professor og 5 kvinner og 19 menn som kan bruke dokortittelen.



(Foto: Ida von Hanno Bast)

Kvinnejakta er i gang

- Kvinnejakta er i gang til styreromma, men i lokalpolitikken er damene framleis i mindretal, seier den nye likestillings- og diskrimineringsombodet, Beate Gangås. Ho krev at fleire blir nominert.

Ein rapport "Likestilte politikere? - om rekruttering og frafall i lokalpolitikken" frå Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) konkluderer med at det er partia sjølve som har skulda.

- For å oppnå jamnare kjønnsfordeling må partia gå i seg sjølve og spørje seg kvifor dei ikkje har fleire kvinnelege medlemmar, seier forskar Frode Berglund som har sett på delen av kvinner i kommunestyra over tid.

- Listeplasseringa, som er nominasjonskomiteens eige verk, er avgjerande. Listene er i stor grad farga av at det er få kvinner på dei i høve til menn, og at ofte er det ein mann framom kvinna, seier forskaren som stussar over at private bedriftsstyre skal ha kvoteringsreglar, men ein slepp unna i politikken.

Kommentator i Nationen, Gunnar Syverud, spør om kva truverde politikarar har i deira likestillingspolitiske symbolkamp, når det ikkje står betre til i egne rekker.

Og det nye likestillings- og diskrimineringsombodet meiner ein alltid kan diskutere om kvotering er det ideele verkemidlet.

- Ingen ønskjer seg rigide reglar. Det beste er å finne gode måtar å få opp kvinnedelen på, og då må ein starte på botn, seier Gangås.

Nytt ombod frå nyttår

1. januar 2006 vart det nye Likestillings- og diskrimineringsombodet oppretta.

Ombodet skal kjempe mot diskriminering og fremje likestilling uavhengig av mellom anna kjønn, etnisitet, funksjonshemming, seksuell orientering og alder.

Like prisar på forsikring

Frå nyttår er det innført like prisar for kvinner og menn i skade- og sjukeforsikringa.

Tidlegare har forsikringsselskapa hatt praksis for å operere med egne kvinne- og mannsprisar på mellom anna bilforsikring.

Problemet med å bruke kjønnsbasert statistikk er at alle menn fekk mykje høgare forsikringspremie, fordi nokre få drog opp statistikken.

Klagenemnda for likestilling har slått fast at slike kjønnsbaserte prisar er i strid med likestillingslova.

Dette vitnar om at Ombodet har nødvendig legitimitet, seier det nye ombodet, Beate Gangås.

Hald deg oppdatert på likestillingssaker

www.lid.no

Beste og verste

Luster kommune har fått den tvilsame æra av å vere på botn av likestillingslista. I perioden 2003-2007 er det berre 17,2 prosent kvinner blant kommunestyrerepresentantane. Der har lustringane ein jobb å gjere! Det er nærare 50 prosent skilnad på toppkommunen; Skjerstad kommune (i dag slått saman med Bodø) med 61,5 prosent.

SV utmerkar seg på topp med 51 prosent kvinnelege listekandidatar, medan Frp er på botn med 28 prosent. (Nationen, 2.2-2006)

Løfte gamle menneske eller plankar...

"Faktisk har likestilte Norge ett av verdens mest kjønnsdelte arbeidsmarkeder. Av en eller annen grunn passer det bedre for norske kvinner å løfte gamle mennesker enn planker." (Anne Lise Ryel, tidlegare likestillingsombod)

Feminister etter Beauvoir

Julia Kristeva, Luce Irigaray, Hélène Cixous, Judith Butler, Gayatri Spivak og Camille Paglia. Heller ukjende namn kanskje, men alle desse kvinnene er presenterte i ein serie i Morgenbladet under vignetten "Feminister etter Beauvoir". Sistnemnde, amerikanske Paglia, er ikkje meir beskjeden enn at ho har utropt seg sjølv som verdas mest intelligente person. Av andre blir ho kalla "ein akademisk rottweiler" og "1990-åras akademiske intellektuelle pinup". Ho blir også rekna som den mest konservative av dei moderne feministiske tenkjarane og vekte voldsomme kontroversar i USA då hovudverket "Sexual Personae" kom ut i 1990.

Paglia kritiserer den amerikanske feministrørsla for å vere uvitande om kunst, vitenskap og historie, at rørsla er fiendtleg innstilt til menn, og lærer kvinner til å sjå på seg sjølv som ofre. "Kvinner har ofte meir å frykte frå andre kvinner enn frå menn, seier Paglia og ønskjer å slå eit slag for mannen. Ho ser på seg sjølv som ein feminist som vil redde kvinnerørsla frå feminismen. (Morgenbladet, 23.12-05)

Vil du finne ut meir om desse kvinnene som set sitt preg på academia, er det berre å søkje på nettet. Du finn ikkje mange av dei i norske avisspalter.

Kursing i Personleg Branding



Etter den andre samlinga i Mangfold i leiing er gjengen blitt meir samansveisa og har byrja å snakke om å danne eit nettverk - for dei som ønskjer. Neste del er styrekurs bygd opp kring Bl sitt opplegg. Eit kurs som har fått overveldande interesse blant folk i fylket. Foto: Oddrun Midtbø.

- Kva er du suveren på? - Kva er din punchline?
- Kva mål har du for utvikling av deg sjølv?

Har du lese ingressen? Tenk over desse tre spørsmåla og sjå om du klarer å finne fram til svar som passar for deg. Det var nettopp det gjengen som deltek i Mangfold i Leiings-kurset hadde å bryne seg på i den andre samlinga. Det store samarbeidsprosjektet, mellom NHO, Innovasjon Norge, KS, fylkeskommunen, fylkesmannen og Sparebanken Vest, hadde hyra inn kurshaldarar frå Danmark for å lære trauste nordmenn og skryte av seg sjølve og å bli meir synlege i samfunnet.

Peter Horn har bygd opp sitt eige selskap som tilbyr kurs både i inn- og utland. Han blir av mange rekna som ein guru og har skrive fleire bøker om emnet. I Florø hadde han med seg tidlegare skodespelar Berrit Kvorning som med eit levande kroppsspråk fekk deltakarane til å tøy opp. Det er ikkje berre enkelt å få folk til å skryte av seg sjølve, fortelje andre kva dei er suverene på. Det ligg ikkje heilt til den norske folkesjela, men det skal det no bli slutt på. Jantelova er passè. Vil ein vere synleg i samfunnet, kan ein ikkje

Svært nøgd trio etter ei vellukka samling i Florø: frå v. prosjektleiar Liv Bodil Baug (NHO) saman med kursleiarane Peter Horn og Berrit Kvorning.

skygge unna dei utfordringane ein får når media tek kontakt. Heller ikkje vere redd for sjølv å ta kontakt med media for å få ut eit budskap eller profilere seg sjølv og verksemda.

Personleg branding? Finst det ikkje betre og meir norske ord som kan nyttast? Merkevareroppbygging? Misnøya med ordet "branding" blir svekka når forsamlinga får vite at branding betyr brennemerking - og eigentleg kjem frå det urnorske ordet "branding" av kveg. Så då så..

Etter å ha definert sine eigne ressursar er jobben å sette seg konkrete og oppnåelege mål. Føremona med personleg branding er større gjennomslagskraft, større marknadsverdi, meir synleg for dei som tek avgjersle, auka popularitet og nye karrieresjansar. Intet mindre! Så kva ventar du på? Tenk gjennom din eigen situasjon, kva kan bli betre? vil du vite meir om personal branding, sjekk www.personal.branding.dk Om ikkje anna, lærer du kanskje å sjå på deg sjølv med litt nye augo.



Media overser kvinner

På vegne av Norsk Samfunnsbarometer har medieovervåkarane i Retriever Norge har gjort ein gjennomgang over dei 200 mest omtalte personane i media i 2005. Det syner at det framleis er ein liten del kvinner som kjem til orde eller blir omtala i norske avis- og nettpalter. Av dei 100 mest omtalte personane er 11 kvinner. Av dei 200 mest omtalte personane i Norge er til saman 26 kvinner. Dei 26 kvinnene på Norsk Samfunnsbarometer si liste over dei 200 mest omtalte i 2005, kjem frå tre kategoriar: politikk (15), sport (9) og kongelege (2).

Historie: Forskarar mot alle odds

Fram til 1900-talet var alle dei naturlege vegane inn i vitskapen stengde for kvinner. Nokre klarte likevel å kjempe til seg kunnskap. I biblioteket til faren, i eit kloster eller i laboratoriet til mannen.

Sjølv om meir enn halvparten av dei som tek høgare utdanning i dag er kvinner, står det dårleg til på toppen av universiteta. Berre 17 prosent av professorane ved universitet og høyskular er kvinner.

Clara Holst var den første norske kvinna som tok doktorgraden. Men fast jobb fekk ho ikkje. 10. desember 1903 forsvarte Holst sin doktorgrad om nedertysk. Ho tok graden i Kristiania, men det hjalp lite å vere doktor philos og pionerkvinne. Ho fekk berre to halvårsengasjement ved sitt eige universitet. Etter to år ved amerikanske universitet, trakk ho seg attende frå det akademiske liv, 40 år gamal.

- Injurierende og sjokkerende, var August Strindberg sin kommentar då russiske **Sofia Kolaveskia** (1850-1891) vart tilsett som professor i matematikk ved universitetet i Stockholm.

Franske **Sophie Germain** (1776-1813) leverte inn oppgåver under mannleg pseudonym fordi ho ikkje kunne gå på førelesingar.

Engelske **Beatrix Potter** (1866-1943) samla og lagde detaljerte teikningar av meir enn 270 ulike soppartar, men ho vart nekta å diskutere lav-teorien ho kom fram til. Til slutt mista ho motet, og starta å skrive barnebøker. 100 år etter at ho vart nekta å snakke og 54 år etter at ho døydd, fekk ho ei offentleg orsaking og ros for teorien om lav. Teorien var nemleg korrekt... Alle er kloke damer som trygt kan takast fram frå gløymeboka. (*BTMagasinet*, 28.1-06)

Proff nettverksbygger

Britt Lossius har dei siste ti åra starta mange nettverksgrupper, både reine kvinnenettverk og blanda grupper. På spørsmål om kva som fungerer best, er svaret, ikkje overraskande: - Ja takk, begge deler! Då eg starta opp for ti år sidan var eg med på å danne Kvinnenettverket i Follo. Sidan den gongen har eg vore fødselshjelpar for til saman sju næringsnettverk. Kvinner er ofte meir forsiktige og treng støtte til å setje større mål, medan menn mange gonger har store planar og treng å ha litt meir- eller mindre - magemål. Kvinner og menn har mykje å lære av kvarandre. Menn har vore flinkare til å bruke nettverka dei alt har. Kvinnene har blitt betre på dette, men treng framleis å få opp medvite på kva slags høve nettverka gir, seier ho som har gjort nettverksidéen til levebrød. Eg får mange nye impulsar ved å samarbeide med ulike typar menneske. Eg reiser mykje rundt og driv med motivasjon, held kurs og føredrag om nettverksbygging. Eg får stadig vekk prov på at nettverk løner seg. Det er eit utruleg interessant område, som kan gi meir entusiasme inn i etableringsprosessen, slik at vi får fleire arbeidsplassar i Noreg for det treng vi!

Sjekk ut verksemda hennar på: www.damene.no/lossius

(Kjelde: *ENKELT*, fagblad for enkeltpersonforetak. www.enkelt.no)

Ung & engasjert

"Ho er medlem i Norsk Målungdom, Ungdom mot EU, Natur og Ungdom, Amnesty, Regnskogfondet og Redd Barna", skriv Nationen 3. februar 2006.

- Det blir ein del hundrelappar i månaden i medlemsavgifter, ja. Men det har eg råd til. Eg er heldig som bur i eit land der folk har tak over hovudet. Ein får tenkje slik, seier ho som er feminist og passiv medlem i Kvinneorganisasjonen. - Eg har same haldning til kjønn som til språk. Ein kan ikkje setje folk i bås og seie at kvinner er slikt og menn er sånn. Eller at byfolk må skrive bokmål. Å vere engasjert handlar om at ein kan vere med og forandre ting slik ein vil ha det sjølv. Og ikkje berre godta ting. Slik er det med språk, kjønn og alt. Seier leiar i Norsk Målungdom, Synnøve Midtbø Myking (21 år).

Førdejenter

vann jusfinalen

Dei to Førde-jentene Merete Tollefsen og Lene Knapstad (begge 24 år) vann den norske finalen i prosedyre for jusstudentar. Dei var det første reine kvinnelaget som kom til finalen nokon gong. I finalen møtte dei to gutar frå Universitetet i Oslo.

- No går vi vidare til den Nordeuropeiske finalen i mars. Den skal vere i Vilnius i Litauen. Der skal vi til saman vere 12 lag frå heile Nord-Europa. Det blir spennande, seier dei til avisa Firda.

"Og ja da, jeg eeeelsker menn. Er det ikke det feministe alltid må si?"

(*Eva Lundgren, professor*)

Hedda Breien (25 år) er første førdianar på Nordpolen. - Neste mål er Sydpolen og Mount Everest, seier den tøffe kvinna til Firda 7.1-2006. Breien har ein fersk mastergrad i geofag, i tillegg til journalist-utdanning i Oslo, og har nettopp starta på ein doktorgrad. Ho vart invitert med på den to månader lange forskingsturen i Polhavet - og angra ikkje på at ho tok sjansen.



“Viljen til språk”

I samband med at Noregs Mållag fyller 100 år, lanserte Samlaget boka “Vilje til språk”, skreven av direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad. Han får ros frå alle kantar for å ha levert ei bok som ikkje manar til språkkamp, men heller forståing og avlving av mytar og fordommar.

Eit av motiva er å få lyfta dei mange usynleggjorte målkvinnene fram i lyset gjennom personpresentasjon i “margleksikonet”. Og midt blant dei mange som har gått ut av livet, finn vi “vår eiga” Maria Tryti Vennerød (1978-) som debuterte i 2002 med teaterstykket “Meir” og “Ta meg på vengene”. Ho fekk Ibsen-prisen i 2005. Skal bli spennande å følgje ho vidare i livet.

Ja visst gör det ont

Ja visst gör det ont när knoppar brister.
Varför skulle annars våren tveka?
Varför skulle all vår heta längtan
bindas i det frusna bitterbleka?
Höljet var ju knoppen hela vintern.
Vad är det för nytt, som tär och spränger?
Ja visst gör det ont när knoppar brister,
ont för det som växer

och det som stänger.

Ja nog är det svårt när droppar faller.
Skälvande av ångslan tungt de hänger,
klamrar sig vid kvisten, sväller, glider -
tyngden drar dem neråt, hur de klänger.
Svårt att vara oviss, rädd och delad,
svårt att känna djupet dra och kalla,
ändå sitta kvar och bara darra -
svårt att vilja stanna

och vilja falla.

Då, när det är värst och inget hjälper,
Brister som i jubel trädets knoppar.
Då, när ingen rädsla längre håller,
faller i ett glitter kvistens droppar
glömmer att de skrämdes av det nya
glömmer att de ångslades för färden -
känner en sekund sin största trygghet,
vilår i den tillit

som skapar världen.

- Men kor e'alle kvinner hen?

Høgskulelektor Bente Lindbæk stiller spørsmålet etter å ha bladd seg gjennom oppslagsverket “Bergensere i tusen år fra Olav Kyrre til Sissel Kyrkjebø”. Ho fekk bakoversveis over resultatet. Av om lag 240 namn på lokale heltar gjennom tusen år, var mellom 30 og 40 kvinner.

- Alt i 1978 påpeikte Elisabeth Aasen at kvinne delen i pensumlitteraturen i norskfaget i skulen var altfor liten, og det kan verke som om det framleis må peikast på, seier Lindbæk og ramsar på strak arm over 15 bergenske kvinner som burde vore rekna med i kraft av det dei gjorde i samtida og for ettertida.

- Boka er full av søner og fedre, men kor er døtrene og mødrene blitt av, spør ho og syner til at i perioden frå 1536 til 1800 er tre kvinner representert, og meir enn ti gonger så mange menn.

- Som Cille Gad (1675-1711), den første kvinnelege akademikar, ei lærd kvinne som for 300 år sidan vart arrestert og dømt til døden etter å ha fødd eit dødt barn. Seinare vart ho sleppt fri, men utvist frå Bergen, paradoksalt nok til ei oppsiktsevkkande akademisk karriere ved universitet i København. Dei har klart å gløyme ho, seier Lindbæk og siterer Ludvig Holberg sine ord: “Skal A, Skjønt hun er viis, fordi hun er kvinde, fordi hun gaaer i skjørt, fordømmes til at spinde?”

Redaktør Jon Gunnar Arntzen i Kunnskapsforlaget kan ikkje love noko rask revidert utgåve, men innrømmer at det var litt leit at nokre kjende kvinner er blitt usynlege i verket... (BT, 26.1-06)

Foto: Dag Thorenfeldt



Heller dikt enn bøker om organisasjons- filosofi

Administrerende direktør i Innovasjon Norge, Gunn Ovesen, har teke mål av seg å gjere Norge til verdas mest nyskapande land - i tillegg til at vi skal tene pengar.


- Vi henger jo alle der og er redde for å slippe taket. Redde for det nye og ukjente. Usikkerheten. Alle som er opptatt av omstilling burde lese diktet til Karin Boye. Dropp alle bøker om ledelse og organisasjonsfilosofi. Det handler om oss mennesker. Vi tror forandring betyr at alle andre skal forandre seg til å bli sånn som meg. Sånn er vi. Men vi er jo bare perfekte når vi ligger i senga fem på tolv om natta, seier den administrerende direktøren som løyver 10 millionar ekstrakroner til programmet “Kvinner og entreprenørskap”. I tillegg skal dei gå gjennom ordningane slik dei er i dag med tanke på å styrke kvinnesatsinga til IN. (Dagbladet, Magasinet, mai 2005.)

Til hausten kjem ein handlingsplan for kvinneleg entreprenørskap. Barne- og likestillingsminister Odd Eriksen lover betre ordningar for sjølvstendig næringsdrivande kvinner i samband med graviditasjon, fødsel og sjukdom. I tillegg til at dei vil premiere dei som har kvinner i leiinga.

Bitten Schei, leiar for Nettverk for kvinner og innovasjon, og ein av gründerane i Noreg som har jobba mest med nettverksbygging for kvinner, seier det er fint med friske millionar og nyttig med ein gjennomgang.

- Faren er at dette blir ein lukka prosess. Byråkratane må møte gründerar, dei som veit kor skoen trykkjer.

- Eg ønsker meg workshops over heile landet, slik at kvinner kan delta, seier Schei. (Nationen, 26.1-2006)



Blad i postabonnement:

Returadresse:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Regionalavdelinga
6863 Leikanger

Framleis like engasjert

Ein gong samfunnsengasjert, alltid samfunnsengasjert. Den tidlegare stortingsrepresentanten Astrid Marie Nistad har ikkje tenkt at pensjonisttilveret skal passivisere og gjere ho usynleg. Det irriterar nokre, men gleder langt fleire.

Det er mange ting som opptek ho, men denne gongen er det å syne at Nettverksposten blir lesen og at det gir resultat. Ho heng frå seg jakka, set seg ned i stolen og dreg opp Arbeidarpartiet sitt program for 2005 - 2009.

- Sjå, her er to punkt som eg veit har sine røter frå noko eg har lese i Nettverksposten, seier ho og peiker på punkt ho har sirkla inn på side 17 og 18.

"Arbeidarpartiet vil:

- sikre gründere og etablerere gode sosiale ordningar, blant annet ved å se på vilkårene for selvstendig næringsdrivende til å kombinere yrkeskarriere med barneomsorg.

- utvikle en nasjonal handlingsplan for kvinnelige entreprenører og opprette finansieringsordningar som særleg stimulerer til innovasjon og entreprenørskap blant kvinner."

- Etter å ha lese noko som stod i Nettverksposten fekk eg lokallaget til å kome med ei fråsegn, som gjekk vidare gjennom fylkeslaget og som no har nådd det nasjonale partiprogrammet. Det er ikkje verst, det, seier ho.

Og no er det redaktøren sin tur til å trekkje fram permen fylt opp med blada som har kome ut til kvinner og menn sidan 1991. I nummer 2 2001 finn vi opphavet til engasjementet til Nistad. Over to sider blir sjukelønsordninga drøfta. Det heile starta med eit utspel frå Åslaug Stadheim Ese, leiar i Etablerarforum for kvinner den tid forumet eksisterte. Ho skreiv eit brev i 1999 i høve dårlege ordningar for kvinnelege etablerarar. Ho fekk ingen svar. Nettverksposten tok ringerunden til alle listekandidatane til Stortingsvalet og fekk svar. I løpet av åra som har gått har etablerarar fått auka merksemd, men det er likevel eit stykke å gå før unge kvinner skal føle seg trygge på at dei som gravide og småbarnsgründerar blir tekne like godt hand om som dei fast tilsette i same situasjon.

- Det er viktig at ein syner at arbeidet gir resultat, seier den røynde politikaren og meiner at kvinner kan lære litt av menn på det området.

Eg tek utfordringa og skriv denne artikkelen for å syne at noko av det som har stått i bladet når vidare enn som oppmuntrande lesestoff.



Sjølvs om Astrid Marie Nistad den seinare tida har dukka opp i Sogn Avis med strikkesøkk mellom hendene, er det lite som tyder på at det er berre det ho driv på med om dagen.

Samtalen går vidare inn på det nye tilveret som pensjonist. Ho let seg ikkje kave opp med den nye statusen, verva er framleis mange; både på lokalt og internasjonalt nivå. Og ho syner att i lokalmedia der ho engasjerer seg for eldrepolitikk og rosar unge kvinner som tek på seg tøffe styreverv.

Fersk kaffi blir fylt i koppene og den tidlegare stortingskvinnna tek fram ein pose med julekaker (for orden skuld; intervjuet fann stad tidleg i januar). Det er noko med folk som er trygge på seg sjølve, dei blir så mykje meir rause enn dei som er usikre og stadig i forsvarsposisjon.

- Der kan nokre menn ha noko å lære av kvinner, slår vi fast.